

Klatreveggen som vart eit kunstverk!

03.01.2011



Gaute Haugland, Bjørn Olav Tveit og sonen hans Viljar tykkjer resultatet har vorte spennande.

Uskedalen har vorte ein attraksjon rikare: Klatreveggen i Aktivitetshuset vart eit kunstverk.



Gaute har hatt ein kjempejobb. Her er han i arbeid lengst nede på veggen.

Bygdas eigen fantasirike kunstnar Gaute Haugland har i tidsrommet frå tredje juledag til i kveld måla med spraymaling den 80 kvadratmeter store klatreveggen med eit motiv så frodig og fantasifullt at det er berre å gje seg over. Veggen er 8 ganger 8 meter, men flata som er måla er noko større medrekna krinkelkrokar og overheng.

Det er det største prosjektet Gaute har stått for åleine, men han har saman med to andre dekorert 600 kvadratmeter ved Arna togstasjon. Ellers kjenner vi i Uskedalen han mellom anna som Festidalen-kunstnar og logoprodusent.

I klatreveggen er naturlegnok klatrarmålet Ulvanåso det samlande motiv. Under vårt stolte svar på Fujiyama vrir det fargerike og ikkje så lite underlege folk og dyr og oppe i den blå himmelen over fjellet svevar det ein vrimmel av skikkelsar som kunstnaren forsikrar korkje er englar eller demonar. Men nokon merkelapp på dei klarar han ikkje å sette. Heller ikkje vil han gå med på at nokon av skapningane under fjellet som lever i dag har stått modell for verket!

Allereie då klatreveggen kom frå Seimsfoss og vart montert for 1 ½ år sidan hadde noverande leiar for Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit ein ide om at noko meir burde skje med den førebelse epoxy-måla veggen. Sist haust la han fram saka i styret som straks tente på ideen om eit kunstverk.

Utover at Nåso burde stå sentralt på veggen hadde ikkje korkje Bjørn Olav eller kunstnaren nokon konkret ide om korleis kunstverket skulle sjå ut.

Gaute tok jobben på sparket utan å teikna eller skissera noko på førehand.

-Bortsett frå Nåso har eg måla alt etter hovudet, fortel han.

-Her har det vore full kunstnarleg friheit, seier leiaren.

No vonar både Bjørn Olav og Gaute at veggen skal verka meir motiverande for klatrarane enn før. Og Gaute peikar på at veggen har små og skjulte detaljar som ein først får full glede av når ein kjem tett innpå han.

Bjørn Olav kjem med dette svaret når ein spør om dette er ein stor investering for Aktivitetshuset:

-Det er eit underordna spørsmål. Gaute får uansett ikkje dekning for det vi får igjen for denne satsinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen